

Kva kan eg glede meg til ?

Du kan glede deg til å bli del av eit fellesskap. Du kan òg sjå fram til å lære mykje spennande om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av.

Konfirmasjonsdagen er ein skikkeleg festdag, som du kan glede deg til! Her blir alle som er konfirmanter feira i kyrkja. I gudstenesta ber me ei bøn om at Gud velsignar deg, og om at Gud styrkjer deg på vegen vidare i livet.

Tidlegare konfirmanter fortel at høgdepunkt frå året som konfirmant er leir og konfirmasjonsdagen.

Kven kan bli konfirmert ?

Alle kan bli konfirmanter i kyrkja. Velkommen uansett om du trur, ikkje trur eller er litt usikker. Om du er usikker på om du vil konfirmere deg, eller ikkje er døpt, er du likevel hjarteleg velkommen til å delta på konfirmasjonssamlingane.

For å bli konfirmert må du vere døpt, og det kan me meir enn gjerne leggje til rette for ein gong i løpet av året.

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ønskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt.

Kontakt oss gjerne på telefon 99 55 45 31 (Wendhe Lie Lysne) eller e-post: wendhe.lie.lysne@lærdal.kommune.no

Denne invitasjonen vert send ut til alle som er registrert som medlem i vårt lokale medlemsregister og som er fødd i 2011.

Er det nokon som ikkje har fått invitasjon og ynskjer å delta som konfirmanter kan de ta kontakt med Wenche.

Velkommen som konfirmanter 😊

Velkommen som konfirmanter i Lærdal!



Korleis ser opplegget ut?

Det vil bli samling ein til to gonger i månaden i kyrkjestova ved Hauge kyrkje. Av og til er samlingane òg i ei av kyrkjene i bygda.

Gjennom året skal me vere saman på nokon gudstenester. Nokon av dei vel konfirmanten sjølv, medan andre er obligatoriske.

Første obligatoriske gudsteneste konfirmantane møter på, vert kalla for presentasjonsgudstenestene. Her får konfirmantane mellom anna bibel.

I september drar me på konfirmanter til Lyngmo i Luster,

Første konfirmanter samling:
Kyrkjestova: 28. aug. kl. 15.00

Etter samlinga (klokka 17.00) inviterer me til eit lite møte for foreldre/ føresette. Her får de utdelt plan for hausten.

Presentasjonsgudstenestene:

Hauge kyrkje: 7. sept. 15.00
Borgund kyrkje: 14. sept. 11.00
Tønjum kyrkje: 21. sept. 11.00

Leir på Lyngmo: 5.-7. sept.

Konfirmasjonsdatoane våren 2026:
Hauge kyrkje: 16. mai kl. 11.00
Tønjum kyrkje: 24. mai kl. 11.00
Borgund kyrkje: 31. mai kl. 11.00



Bilene frå Lyngmo leirstad

Konfirmant 2026

Påmeldingsfrist: 18. august. Ta bilete av eller skann utfylt skjema og send på e-post til: wenche.lie.lysne@laerdal.kommune.no. Respons på motteke påmelding vil kome i andre halvdel av august.

Konfirmant:

☒ Eg melder meg på som konfirmant

Eg vil konfirmerast i:

- ☐ Borgund kyrkje
☐ Hauge kyrkje
☐ Tønjum kyrkje

Eg er døypt:

- ☐ dypt i _____ kyrkje
☐ ikkje døypt

Konfirmanten sitt namn

Konfirmanten sitt mobilnummer

Adresse

Postnummer og -stad

Eigenandel: Det er ein eigenandel på kr. 1 500 for helle året. Dette er med å dekke noko av utgiftene til mat, turar, kristuskransen og konfirmantbibel m.m. Rekening vert sendt ut etter leiren. Om du treng hjelp til å betale dette, kryss av på påmeldingsslippen slik at pengar ikkje vert hinder for å delta.

Foresette:

Namn

Mobilnummer

Namn

Mobilnummer

E-post til ein føresett

Kan bilete og namnslite av konfirmantane offentleggjerast? ☐ Ja ☐ Nei

☐ Me treng hjelp med eigenbetalinga til konfirmasjonsførebuinga

Merknadar/spesielle omsyn (trøng for tilrettelegging, allergi med meir):

Signatur frå føresette: